



Emil Bakke Berntsen (født 19. juni 1999) har allerede scora 8 mål for guttelaget til Rosendal denne sesongen. Uskedelingen som likar best å spela spiss er som ein forstår ein målsvolten kar og no er han ikkje overraskande teke ut til kretssamling på Bjarg sin bane i Bergen 10. juni. Men det er teke ut tilsaman 75 gutar så nålauget er trångt. Emil er fullt ut klår over det.

- Det blir ikkje så lett å komma vidare til kretsaget, men eg skal gjera mitt beste og har eit håp, seier Emil som uskedalen.no naturleg nok møter på Heios velfriserte gras.

Han er den einaste uskedeling som blir med på kretssamlinga men får med seg Kristoffer Eskeland og Mathias Guddal frå Rosendal.

Foreldra fortel at Emil har spela fotball sidan han var 3 år og han har spela på lag sidan han var 6. Då hadde han den grønne Uskedalstrøye på seg. No har han skifta til Rosendalstrøye men det er 4 uskedelingar på laget som har gjort det skarpt i serien til no og sigr i alle kampane med unnatak av ein med uavgjort.

- Kvifor vart du fotballfrelst, trur du?
- Sjølv sagt fordi det er så gøy, men også fordi eg vart inspirert av vener.

Då tenkjer eg mest på Hans Fredrik Zimmer og Marius Myklebust.
Vi har vore saman opp gjennom klassane og er det framleis

- .
- Korleis går samspelet med Rosendal?
- Heilt supert, men vi kjente mange av dei frå før.

- Kva for eit fag likar sjundeklassing Emil best på skulen?
- Naturleg nok er det gym...

- Er du flink på skulen forresten?
- Å, sånn middels, trur eg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen